

God start på FestidaGen med «Sjakk-i-dalen».

02.08.2017



Konsentrerte spelarar ved sjakkbrettet.

Festidalen er i gang. I ettermiddag var første barne- og ungdomsaktivitet då FestidaGen «tjuvstarta» med «Sjakk-i-dalen». 10 unge gutter og jenter møtte då spelestunda starta. Lærar var den utflytta uskedelingen Torstein Monsen som hadde god hjelp av Morten S. Fosse fra Omvikdalens som han har spela mange parti mot.



[Litt teori før dei byrja med speleøvingar.](#)

Torstein Monsen bur no i Hammerfest og han spelar no i verdens nordlegaste sjakklubb, Hammerfest sjakklubb. Då han presenterte seg fortalte han også at han hadde opplevd å spela mot ein av verdens best rangerte spelarar, Veselin Topalov. Han er blant dei 10 beste i verda. Det hadde seg slik at han såg Topalov på eit hotel i Stavanger. Han tok kontakt med han og spurde om å få spela eit parti mot. Det fekk han.

- Han slo meg ganske kjapt. Det tok vel ikkje meir enn 10 trekk før eg var sjakk matt, men det var ei stor oppleving for meg, sa Torstein Monsen om den artige hendinga.

Etter ei kort teoretisk innleiing gjekk det kjapt over på speleøvinga. For meg som berre har tapt i sjakk, verka det som eit godt pedagogisk opplegg med ein dyktig lærermeister. Dei byrja med få brikker, berre bøndene, og så auka dei på til dei brukte alle brikkene. Deltakarane var svært konsentrerte slik dei må vera i dette spelet. Underteikna sat med ei kjensle av at med dette opplegget kunne eg blitt ein habil sjakkspelar.

Torsdag er det full gang med andre FestidaGen-aktivitetar. Det er god påmelding, og då eg snakka med Hege Lekva i FestidaGen-gruppa, var det framleis muligheter for å verta med. Det var visst muligheter for litt fleire på marimba, og så var det plass til 1-2 på dei andre aktivitetane med unnatak av Nysirkus og Make Up & Hår. Restauranten gjekk ut då det var for få påmelde. Dei som ønskjer plass, kan kontakta Hege Lekva